



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	12.12.2024
Møtetid:	15:00 - -21:30
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Frank Erik Øksnes	medlem	INP	
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Oskar Nordgard	MEDL	H
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Tore Svendsen		SAM	
Magnus Kvingedal		H	
Odd-Marthin Totland		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef

Frå eininga samfunnsutvikling møtte desse: Asbjørn N. Toft, Stein Kåre Løvslett og Christopher Straumøy.

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 105/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. desember 2024	
PS 106/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 31. oktober	
PS 107/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 12. desember 2024	
RS 53/2024	Gjeldsrapport per 31.10.2024	
RS 54/2024	Budsjettering av innsparinger i årsbudsjett og økonomiplan - frå Kommunal- og distriktsdepartementet	
RS 55/2024	Skatteoversikt til og med oktober - frå Statsforvaltaren	
RS 56/2024	Oppdatert notat - utbetaling frå Havbruksfondet	
RS 57/2024	Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland	
RS 58/2024	Forslag i Helse Bergen til ytterlegare kutt i ambulansetenestene ved Knarvik ambulansestasjon.	
RS 59/2024	Ferie- og fridagar for skule- og barnehageåret 2025-26	
RS 60/2024	Protokoll frå møte 16. oktober - Eldrerådet	
RS 61/2024	Protokoll frå møte 6. november 2024 - Eldrerådet	
RS 62/2024	Protokoll frå møte 16. oktober 2024 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
RS 63/2024	Protokoll frå møte 6. november 2024 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
OS 9/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 12.12.2024	
PS 108/2024	Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2024	

PS 109/2024	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2025
PS 110/2024	Opptak av Voss som deltakarkommune i Bergen og Omland Friluftsråd
PS 111/2024	Revisjon av kommunale beredskapsplanar
PS 112/2024	Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune
PS 113/2024	Tilsynsstrategi for 2025
PS 114/2024	Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær
PS 115/2024	Busetting av flyktningar 2025
PS 116/2024	Lokal forskrift om permisjon frå grunnskulen i Austrheim kommune
PS 117/2024	Garanti Austrheim Sokn
PS 118/2024	Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2025
PS 119/2024	Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.
PS 120/2024	Ny lokal forskrift VA-gebyr, etter høyring
PS 121/2024	Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak
PS 122/2024	Tertialrapport 3 - desember 2024
PS 123/2024	Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032

PS 105/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. desember 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 105/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. desember 2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak og gjorde merksam på at nokre saker blir flytta på saklista, blant anna kjem sak 122/2024 Tertialrapport før sak 121/2024 budsjett.

Odd Marthin Totland (H) stiller som vara for Aslak Bakke i starten av møtet fram til og med sak 9/2024 orienteringar.

Han trer også inn som vara for Morten Sognnes (H) i sak Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 viss kommunestyret finn Morten Sognnes (H) ugild.

Vidare trer han inn for Kristoffer Myklebusthaug (H) når han går.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 105/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. desember 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 106/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 31. oktober

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 106/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 31. oktober:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 106/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 31. oktober:

Møteprotokollen frå kommunestyret 31. oktober 2024 vert godkjent.

PS 107/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. desember 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 107/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. desember 2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 107/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. desember 2024:

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 53/2024 Gjeldsrapport per 31.10.2024

RS 54/2024 Budsjettering av innsparinger i årsbudsjett og økonomiplan - frå Kommunal- og distriktsdepartementet

RS 55/2024 Skatteoversikt til og med oktober - frå Statsforvaltaren

RS 56/2024 Oppdatert notat - utbetaling frå Havbruksfondet

RS 57/2024 Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland

RS 58/2024 Forslag i Helse Bergen til ytterlegare kutt i ambulansetenestene ved Knarvik ambulansestasjon.

RS 59/2024 Ferie- og fridagar for skule- og barnehageåret 2025-26

RS 60/2024 Protokoll frå møte 16. oktober - Eldrerådet

RS 61/2024 Protokoll frå møte 6. november 2024 - Eldrerådet

RS 62/2024 Protokoll frå møte 16. oktober 2024 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 63/2024 Protokoll frå møte 6. november 2024 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

OS 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 12.12.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Kommunestyret vedtek oppstart av arbeid med selskapsavtale mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 12.12.2024:

Orienteringar i møte 12. desember:

Sissel Mary Frotjold leiar Alver barnevern - om barnevernstenesta - sjå presentasjon.

Tore Svendsen (SL) tok ordet og stilte nokre spørsmål som vart svara ut.

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund og ordførar Morten Sognnes (H) om tur til Sveits og kjernekraft, sjå presentasjon.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug:

- Det var ei orientering i formannskapet om Norsk Kjernekraft ved Johnny Hesthammar, det kjem framlegg til avtale seinare.
- Status politiske saker - dei som ikkje handsamast no er utsett til januar.
- Austrheim har fått vere med i forsøksordning startlån for førstegongsetablerarar.
- Austrheim kommune har ikkje eige kommuneadvokat.
- Jurist Chistopher Marius Straumøy er delar av arbeidstida i Øygarden kommune, slik at han kan får praksis til å bli advokat.
- Vi har hatt anbod og gjort avtale med Advokatfirmaet Harris for advokattenester.
- Vi har hatt fleire tilsyn i haust, eit tilsyn er lukka, medan andre har gjeve avvik og vert følgt opp.
- Nytt kunstgras på fotballbana er ikkje lagt i denne økonomiplanperioden, men det kjem i neste. Det er ikkje prekært no, men innan 2032 må vi skifte, men ser det kan vere lurt å vente for det kjem nye løysingar framover.
- Sjukefråvær - har gått ned frå 2023 til 2024 til 7.71 %, også for desember er det per 12. desember lågare enn i fjor på same tid.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen:

- Barnehageplass for barn busett i Alver (Austebygd) - vi har fått henvendelser om ønske om plass i Austrheim. Utfordringar i høve rekruttering. Søknadane vert handsama individuelt, men gir plass berre til dei som har konkrete planar om å flytte til Austrheim.
- Auke i kostnadar til SFO. Nasjonale føringar og lokale bestemmelsar, med mellom anna auka bemanning og mindre inntekt som følge av gratis kjernetid har kosta nesten 2 millionar totalt. Det er ikkje dei lokale bestemmelsane som utgjør den store

kostanden, det er dei nasjonale føringane. Øremerka midlar hjelper på situasjonen, det same gjeld barnehage.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund:

- Digitale informasjonstavler er nedprioritert, men er berre sett på vent.
- BKK tok over veglys for ein del år attende. No skal veglysa tilbakeførast til kommunen, vi er ikkje heilt einig i avtala og det blir forhandla, kjem attende med meir informasjon seinare.
- Interkommunalt samarbeid med landbruk. Avtala blir signert på nyåret.
- Parkering Mastrevik Torg. Den saka er avslutta, plassane er merka.
- Motorcrossbana, tomter blir vurdert.
- Sal av kunsthuset, og tomt på Mongstad går sin gang.
- Venteskur på Vardetangen, må i dialog med alle partar.
- Amnesti vatn, naust og brygger, der er det er kome omtrent 10 saker så langt.
- Bustadbygging, der er vi i dialog med Vestbygg om fleire burettslag og med Coop om tilvisingsavtale.
- Innspel asfaltering om at det bør gjerast på vår/sommar. Skal kartlegge alle kommunale veger og sjå på det med farleg skuleveg, men har allereie planar. Grunna omdisponering av midlar har litt asfaltering vorte gjort i haust.
- Status investeringsprosjekt.

Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes:

- Finansrapporten og finansreglementet.

Reidar Øksnes tok ordet i saka:

- Når det gjeld kjernekrat og anna må ein tenkje på at Austrheim kommune er liten og når store aktørar skal inn, må vi vere varsame med kva avtalane inneber.
- Barnehage - forstår vinklinga, men vi skal vere ein open og god kommune. Vi bør gå inn mot bedriftene og høyre om dei vil vere med på finansiering av utbygging av barnehagar i Austrheim.
- BKK - linjerydding. Dei sagnar ned og let krattet ligge. Det er ein sikkerheitsrisiko. Dette bør ein ta med i samarbeidsmøta framover.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte til at det er vedtatt at vi skal starte arbeidet med kjernekraft. Skal si meir om det på neste møte, og det kjem ein sak om avtale neste år.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 12.12.2024:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

PS 108/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsrapporten for Alver barnevernsteneste 2024 til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 108/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2024:

Laiar for barnevernet Sissel Mary Frotjold hadde innlegg under orienteringane.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 108/2024 Tilstandsrapport for Alver barnevernsteneste - 2024:

Kommunestyret tar årsrapporten for Alver barnevernsteneste 2024 til vitande.

PS 109/2024 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til ny plan er ferdig i 2025.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2025.

Prioritering/ søknadsnr.	Ordinære anlegg	
1	AIL, oppgradering av garderobar, ved Austrheim grasbane	Ny søknad
2 156168	DNT, rehabilitering av friluftsområdet Rongevær kysthytte	Fornya søknad
3	Rehabilitering av lysanlegget ved kunstgrasbane i Austrheim Idrettspark	Ny søknad
	Nærmiljøanlegg	
1	AIL, sandvolleybane ved Austrheim grasbane	Ny søknad
2 166247	Austrheim Idrettspark, rehabilitering ballbinge	Ny søknad
3 166154	Årås skule multibane	Ny søknad
4 166245	Årås skule zipline	Ny søknad
5 166243	Årås skule streetbasket	Ny søknad
6 166241	Årås skule bakketrampoline	Ny søknad
7 166244	Årås skule fotballbordtennis	Ny søknad

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 109/2024 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2025:

Kristin Nesbø la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 109/2024 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til ny plan er ferdig i 2025.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2025.

Prioritering/ søknadsnr.	Ordinære anlegg	
1	AIL, oppgradering av garderobar, ved Austrheim grasbane	Ny søknad
2 156168	DNT, rehabilitering av friluftsområdet Rongevær kysthytte	Fornya søknad
3	Rehabilitering av lysanlegget ved kunstgrasbane i Austrheim Idrettspark	Ny søknad
Nærmiljøanlegg		
1	AIL, sandvolleybane ved Austrheim grasbane	Ny søknad
2 166247	Austrheim Idrettspark, rehabilitering ballbinge	Ny søknad
3 166154	Årås skule multibane	Ny søknad
4 166245	Årås skule zipline	Ny søknad
5 166243	Årås skule streetbasket	Ny søknad
6 166241	Årås skule bakketrampoline	Ny søknad
7 166244	Årås skule fotballbordtennis	Ny søknad

PS 110/2024 Opptak av Voss som deltakarkommune i Bergen og Omland Friluftsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune gir med dette si tilslutning til at Voss herad blir ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgåvefellesskap med verknad frå 01.01.2025. Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og plikter følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommunelova»).

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 110/2024 Opptak av Voss som deltakarkommune i Bergen og Omland Friluftsråd:

Kristin Nesbø la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 110/2024 Opptak av Voss som deltakarkommune i Bergen og Omland Friluftsråd:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune gir med dette si tilslutning til at Voss herad blir ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgåvefellesskap med verknad frå 01.01.2025. Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og plikter følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommunelova»).

PS 111/2024 Revisjon av kommunale beredskapsplanar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek overordna beredskapsplan, atomberedskapsplan og evakueringsplan, samt informasjons- og varslingsplan som dei ligg føre, med dei endringane som går frem av saksutgreiinga.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 111/2024 Revisjon av kommunale beredskapsplanar:

Sakshansamar Stein Kåre Løvslett la fram saka jamfør saksutgreiinga.

(ordførar nemnte er dette er Løvslett si siste sak til kommunestyret før han blir pensjonist)

Følgjande tok ordet i saka: Tore Svendsen (SL)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 111/2024 Revisjon av kommunale beredskapsplanar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek overordna beredskapsplan, atomberedskapsplan og evakueringsplan, samt informasjons- og varslingsplan som dei ligg føre, med dei endringane som går frem av saksutgreiinga.

PS 112/2024 Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 vert godkjent. Planomtale, føresegner, plankart og illustrasjonsplan er datert den 21.11.2024. Vegteikningar (C-teikningar) er datert den 22.11.2024. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova § 12-12.

Handsaming i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune:

I denne saka var ordførar Morten Sognnes (H) ugild. Aslak André Bakke (H) møtte som vara for Sognnes.

Plansjef Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Administrasjonen har sendt planframlegget også til Vestland fylkeskommune no for ev. innspel før handsaminga i kommunestyret 12. desember.

Per Lerøy (Ap) spurte om reguleringsføresegnene opnar for ei trinnvis utbygging, Toft svara at det kan byggast noko, men at det ikkje kan byggast så mange hus før rekkjefølgjekrava slår inn. Må byggast ut VA-anlegg, avløpet går i dag til Søre Fonnesvågen, men skal på sikt pumpast til Nordre Fonnesvågen. Planen opnar for maksimalt 150 bueiningar, men det kjem an på om det vert bygd einebustader, tomannsbustader eller firemannsbustader. Er opna for fire etasjar på det høgaste. Har vore i kontakt med utbyggerar, men dei ventar nok på at planen vert godkjent før dei går inn i dette.

Varaordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for at formannskapet tilrår kommunestyret å vedta kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid.

2021002 vert godkjent. Planomtale, føresegner, plankart og illustrasjonsplan er datert den 21.11.2024. Vegteikningar (C-teikningar) er datert den 22.11.2024.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova § 12-12.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 112/2024 Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune:

Ordførar Morten Sognnes (H) trådde ut av møte som ugild fordi han er grunneigar i området.

Odd Marthin Totland stilte som vara.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) tok over leiing av møtet.

Plansjef Asbjørn Nagel Toft la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Følgjande tok ordet i saka: Tore Svendsen (SL), Reidar Øksnes (Sp), Aslak Bakke (H).

Varaordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 112/2024 Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, Planid 2021002 - Austrheim kommune:

Formannskapet 28.11.2024

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 vert godkjent. Planomtale, føresegner, plankart og illustrasjonsplan er datert den 21.11.2024. Vegteikningar (C-teikningar) er datert den 22.11.2024.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova § 12-12.

PS 113/2024 Tilsynsstrategi for 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 113/2024 Tilsynsstrategi for 2025:

Kristoffer Mykelbusthaug (H) - gjekk frå møtet. Odd Marthin Totland trådde inn i møtet.

Christopher Straumøy la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 113/2024 Tilsynsstrategi for 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1

PS 114/2024 Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at Austrheim kommune gjennom vedlagt avtale samarbeider med Samnanger Kommune om arbeid tilknytt egedomsskatt.

Handsaming i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 96/2024 Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 96/2024 Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær:

Formannskapet godkjenner at Austrheim kommune gjennom vedlagt avtale samarbeider med Samnanger Kommune om arbeid tilknytt egedomsskatt.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 114/2024 Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær:

Christopher Straumøy la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 114/2024 Avtale med Samnanger kommune om rolle som Egedomssekretær:

Kommunestyret godkjenner at Austrheim kommune gjennom vedlagt avtale samarbeider med Samnanger Kommune om arbeid tilknytt egedomsskatt.

PS 115/2024 Busetting av flyktningar 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2025. Austrheim kommune vil busette 20 flyktningar i 2025.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 115/2024 Busetting av flyktningar 2025:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Følgjande tok ordet i saka: Reidar Øksnes (Sp) og Reidar Ulvøy (Ap).

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 115/2024 Busetting av flyktningar 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2025. Austrheim kommune vil busette 20 flyktningar i 2025.

PS 116/2024 Lokal forskrift om permisjon frå grunnskulen i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reglementet vert vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 116/2024 Lokal forskrift om permisjon frå grunnskulen i Austrheim kommune:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkoltbotn (Sp) tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 116/2024 Lokal forskrift om permisjon frå grunnskulen i Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Reglementet vert vedtatt slik det ligg føre.

PS 117/2024 Garanti Austrheim Sokn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim Sokn ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 560 000 - som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 560 000 ,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar.
3. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 560 000 + 10 %, totalt kr 3 916 000,-.
4. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
5. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyre etter 38 år
med tillegg på 2 år, jf.. garantiforskrifta sin paragraf 3.
6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jf.. kommunelova § 14. (Statsforvaltaren si godkjenning krevst berre for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

Handsaming i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 99/2024 Garanti Austrheim Sokn:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 99/2024 Garanti Austrheim Sokn:

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim Sokn ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 560 000 - som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 560 000 ,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar.

3. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 560 000 + 10 %, totalt kr 3 916 000,-.
4. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
5. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyre etter 38 år med tillegg på 2 år, jf.. garantiforskrifta sin paragraf 3.
6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jf.. kommunelova § 14. (Statsforvaltaren si godkjenning krevst berre for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 117/2024 Garanti Austrheim Sokn:

Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 117/2024 Garanti Austrheim Sokn:

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim Sokn ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 560 000 - som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 560 000 ,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar.
3. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 560 000 + 10 %, totalt kr 3 916 000,-.
4. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
5. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyre etter 38 år med tillegg på 2 år, jf.. garantiforskrifta sin paragraf 3.
6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jf.. kommunelova § 14. (Statsforvaltaren si godkjenning krevst berre for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

PS 118/2024 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

- a) Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2025.
- b) Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarande konsumprisindeksen.
- c) Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
- d) Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

- a) Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **600 kr**
- b) Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **300 kr**
- c) Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.000 kr**
- d) Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **500 kr**
- e) Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.000** etter 2025-pris).
Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
- f) Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarande 20 års festeavgift. (**kr 6000** etter 2025-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
- g) Namneplate i namna minnelund: **kr 4.000** inkl. mva (2025-pris).
- h) Utanbygds urnegravlegging:
 - Gravlegging kr 6.000 inkl. mva (2025 prisar)
 - Festeavgift kr 6000 (2025 prisar)
- i) Utanbygds kistegravlegging:
 - Gravlegging kr 12.000 inkl. mva (2025 prisar)
 - Festeavgift kr 12.000 (2025 prisar)

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 118/2024 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2025:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Terje Håland (Ap) tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 118/2024 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

- a) Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2025.
- b) Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarende konsumprisindeksen.
- c) Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
- d) Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

- a) Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **600 kr**
- b) Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **300 kr**
- c) Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.000 kr**
- d) Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **500 kr**
- e) Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarende 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.000** etter 2025-pris).
Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
- f) Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarende 20 års festeavgift. (**kr 6000** etter 2025-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
- g) Namneplate i namna minnelund: **kr 4.000** inkl. mva (2025-pris).
- h) Utanbygds urnegravlegging:
 - Gravlegging kr 6.000 inkl. mva (2025 prisar)
 - Festeavgift kr 6000 (2025 prisar)
- i) Utanbygds kistegravlegging:
 - Gravlegging kr 12.000 inkl. mva (2025 prisar)
 - Festeavgift kr 12.000 (2025 prisar)

PS 119/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til at tomt 1 og tomt 4 blir prioriterte som dei mest aktuelle lokasjonane for bygging av nytt helsetun.
2. Kommunestyret ber administrasjonen gjennomføre ei vidare utgreiing av dei to prioriterte tomtene, i tråd med sak; PS48/2024

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 39/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om budsjett og økonomiplan, jamfør saksframlegget.

Bjarte Rosenlund viste til at det så langt berre er gjort mulighetsstudiar, og at ein ikkje kjenner så nøye til kostnadene ved dei ulike alternativa enno, med tanke på infrastruktur med meir.

Levekårsutvalet diskuterte ulike alternativ for tomteval, der det eine alternativet uansett er 4 med ombygging av dagens Nordliheimen, og der det skal peikast på eitt alternativ til.

Kommunalsjef Rosenlund sa at ein til neste møte kan ta fram tidlegare vurderingar kring infrastruktur, miljøgate med meir, for dei ulike alternativa.

Det var semje om eit nytt framlegg til vedtak, som tilråding frå Levekårsutvalet:

Levekårsutvalet tilrår å sjå vidare på alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen. Levekårsutvalet tar ei synfaring av aktuelle tomtealternativ i samband med neste møte.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 39/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Levekårsutvalet tilrår å sjå vidare på alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen. Levekårsutvalet tar ei synfaring av aktuelle tomtealternativ i samband med neste møte.

Handsaming i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 97/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) viste til handsaminga i Levekårsutvalet, der ein tok inn alternativ 5 i tillegg til 1 og 4 (som er dagens Nordliheimen).

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det var OK med å utgreia fleire alternativ, men at ein må unngå at det vert eit mykje dyrare prosjekt.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det er mogleg å få meir tal på desse prosjekta til handsaminga i kommunestyret.

Per Lerøy (Ap) viste til prosjektet med idrettshallen, der det var for djupt til å bygga, og oppmoda til at prosjekteringsarbeidet blir så godt at det ikkje dukkar opp store kostnader i etterkant

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak, som er tilrådinga frå Levekårsutvalet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 97/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Kommunestyret går vidare med alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen. Levekårsutvalet tar ei synfaring av aktuelle tomtealternativ i samband med neste møte.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 119/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Saka vart lagt fram av kommunalsjefane Bjarte Rosenlund og Anne Hildegunn Færøy jamfør saksutgreiinga og presentasjon.

Følgjande tok ordet i saka: Per Lerøy (Ap) tok ordet i saka som leiar i Levekårsutvalet.og Reidar Ulvøy (Ap).

Innstilling frå formannskapet: tilrår å sjå vidare på alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte dette framlegget til vedtak: Kommunestyret går vidare med alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 119/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Kommunestyret går vidare med alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen.

PS 120/2024 Ny lokal forskrift VA-gebyr, etter høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner VA-forskrifta slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 120/2024 Ny lokal forskrift VA-gebyr, etter høyring:

Bjarte Rosenlund la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 120/2024 Ny lokal forskrift VA-gebyr, etter høyring:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner VA-forskrifta slik den ligg føre.

PS 121/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 100/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Om kommunale vegar sa Dommersnes at det er sett av ein million kroner til oppjusteringar. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal lagast ei oversikt over tilstanden på kommunale vegar med ei prioriteringsliste, og Per Lerøy (Ap) sa at Ap vil komma med eit innspel på dette til budsjettmøtet.

Per Lerøy (Ap) etterlyste at det viser tydelegare kor mykje som er sett av til disposisjonsfondet i budsjett, og som er sett av reelt. Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det vil verta sett opp tydelegare framover, ikkje berre for disposisjonsfond, men også for andre postar der ein reduserer eller aukar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til innspel i samband med kulturmidlar, der det er bedt om å gje 25.000 kvar til samfunnshuset og Sanitetshuset på Litlås. Formannskapet ba om at dette med støtte til forsamlingshus vert sett opp som ei eiga sak, som kommunedirektøren kjem tilbake med til kommunestyret.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det i 2025 vert jobba med kommunale kaiar, med tanke på skilting med meir. Vil ta det opp med Bergen Havn (Vardetangen) og andre som eig kaiar i Austrheim.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at bassenget på Kaland no er ope igjen etter stenging, og ba om at dette vart utnytta betre, mellom anna ved å gje auka svømmeopplæring for småskule-elevane på Årås skule. Dette vart støtta av varaordførar Per Lerøy (Ap). Her svara kommunalsjef Trine Merete Jansen til at det er søkt om og fått midlar til svømmeopplæring i barnehagealder, dette kan det brukast noko av, og har sett på andre budsjettpostar for om ein kan henta noko til svømmeopplæring.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det vert sett på anskaffing av ny båt til Kystbarnehagen, som også skal kunna brukast av andre innan brukarar innan oppvekst med meir.

Det vart diskutert litt kring innkjøp av eige kjøretøy (minibuss), dette vart frårådd av økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 28.11.2024 av sak 100/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 og handling og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2025 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2025 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2025 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
5. Det vert teke opp kr. 10 024 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.
6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2025-2028.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2025-2028.
8. Vedtak om at alle midlar ved sal av eigedom skal avsetjast til eige fond for nytt Helse -og Omsorgstun vert omgjort og midlar vert satt av til framtidige investeringar
9. Økonomiplan for 2025-2028 og årsbudsjett for 2025 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2025 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
10. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.
 - b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
11. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
 - e) Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.
 - f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
 - g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2024 til 2025.
12. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

13. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2025, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

14. Det vert gjeve ei ramme på kr 1 075 075,- til kontrollutvalet.

15. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. Austrheim Frivilligsentral kr 443 903,- (ekskl. statstilskot)

c. Austrheim ungdomsklubb kr 250 339,-

d. TV-aksjonen kr 30 000,-

16. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 200 000,- kroner, til kroner 500 000,- i 2025, for resterande økonomiplanperiode er investeringstilskottet kr. 300 000,- pr. år

17. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

18. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2025. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2025 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

19. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

20. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18. 21. «Gebyr- og betalingssatsar 2025» vert vedtekne slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 121/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak:

Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes la fram saka jamfør saksutgreiinga. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram innspela som er kome i samband med at budsjettet var på høyring.

Monika Thorpe (Ap) - Framlegg til verbalpunkt i sak PS 121/2024 frå Ap, H og INP.

Austrheim Arbeiderparti, Austrheim Høgre og Austrheim INP viser til kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett, og vil basert på dei orienteringane me har fått frå kommunedirektøren, kommunalsjefane og økonomi- og personalsjef, røysta for det framlagte budsjettframlegget. Me veit at det er stramt og at det for enkelte einingar vil bli krevjande å levera i tråd med framlegget, men me håpar og trur at kommuneleiinga vil lukkast med dette.

Basert på innspel og diverse drøftingar vil me likevel koma med nokre mindre forslag til justeringar.

Utdanningsforbundet har ein del forslag som kommuneleiinga bør vurderer. Me trur at desse vil vera med på å skapa ein betre skule og eit betre skule- og barnehagemiljø og ber derfor kommunedirektøren vurderer å gjennomføra desse i økonomiplanperioden.

Utdanningsforbundet peikar på at det manglar einebustadar i Fonnes/Kaland-området. Austrheim kommune har eit stort tomteområde i Kalandsfeltet som nesten er byggjeklart. Deler av dette bør kommunen selja svært rimeleg til folk som ønskjer å etablera seg i området og dermed stimulera til at det vert bygd fleire einebustadar i denne delen av kommunen.

FAU Årås har også gode forslag som det bør vera rom for å gjennomføra i økonomiplanperioden. Igjen er det tiltak som vil betra skulemiljøet, noko som vil vera heilt i tråd med det arbeidet som kommunestyret har prioritert innan oppvekstsektoren dei siste periodane.

Det har kome inn eit konkret forslag om oppgradering av ein kommunal veg. Me føler oss ikkje i stand til å peika på kva kommunale vegar som bør prioriterast først, men ber om at kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret når første tertialrapport for 2025 vert lagt fram, med ein tilstandsrapport for dei kommunale vegane og fortaua og eit forslag til ein vedlikehaldsplan for desse i økonomiplanperioden. Planen må basera seg på at dekkelegging skal gjerast i sommarhalvåret.

Me støttar kommunedirektøren sine justeringar av dei kommunale gebyra. Tannhelse er ei fylkeskommunal oppgåve og me meiner at kommunen ikkje skal ta på seg slike ikkje lovpålagte oppgåver no. Det vert også feil å endra kompensasjonsordningane midt i ein kommunestyreperiode for å finansiera eit slikt tiltak.

Idrettsparken må rehabiliterast dei næraste åra. Mellom anna så må banedekket på fotballbana skiftast innan fem år. Me ber derfor om at det vert sett av ein million kroner på eit øyremerka fond kvart år i økonomiplanperioden, slik at kommunen har midlar til å rehabilitera idrettsparken når tida er moden.

Det er eit sterkt ønskje om ein universell turveg i området ved idrettsparken. Denne må også ha veglys. Anleggslinja ved Austrheim vidaregåande skule kan byggja store deler av denne dersom kommunen stiller med det som skal til av materiell. Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med leiinga ved AVS med tanke på å få realisert dette prosjektet dei neste åra.

Me støttar RMRF sitt forslag om å gje «løn» til brukarane av arbeidssenteret slik det vart praktisert for nokre år sidan, og ønskjer i tillegg å spandera på brukarane ein årleg «Blåtur» slik dei tilsette på Aufera får.

Me støttar også RMRF sitt forslag om betre vedlikehald av gangvegen mellom idrettsparken og Vikane.

Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med Skyss, Pensjonistforbundet og Ungdomsrådet med tanke på å få til skyssordningar for eldre og unge på linje med det som vert prøvd ut i Masfjorden. For dei eldre vil det vera snakk om ei bestillingsløyising som skal gje skyss til legekontor, fysioterapeut, lokale butikkar og seniorsenteret. For dei unge vil det vera faste ruter til og frå ungdomsklubben og andre liknande fritidstilbod i kommunen. Ei ferdig utgreidd sak med eit overslag over dei kommunale kostnadane med tilboda, skal leggjast fram for kommunestyret når andre tertialrapport for 2025 skal behandlast i kommunestyret.

Tore Svendsen (SL) - Framlegg til verbalpunkt i sak PS 121/2024 frå Samlingslista.

Trygghetsalarm: Gratis for de med inntekt under 2G(ingen egenandel).

Amalgamskader: Det settes av kr 25 000 årlig i økonomiplanen. For hver dokumentert behandling dekkes inntil kr 1000 for de med inntekt under 2G.

Inndekning: Godtgjørelsen til ordfører fryses på dagens godtgjørelse.

Varaordfører frikjøpes for 12% av ordførerens godtgjørelse.

Møtegodtgjørelsene fryses på dagens satser.

Eget landbrukskontor: Samlingslista foreslår eget landbrukskontor med 40% stilling.

Inndekning: kr 500 000. Summen som er blitt innbetalt i felles landbruks-kontor.

Pkt 11 Fullmakter til kommunedirektøren innenfor budsjettet sine rammer.

pkt b) Budsjettreguleringer innenfor sektorene sine rammer. Et øvre beløp settes til max. kr 250 000.

Beløp over dette skal behandles politisk av formannskapet.

Turstier: Settes av kr 400 000 i 2025 for vedlikehold/opprusting av turstiene i kommunen.

Subsidiert settes det av kr 100 000/år i økonomiplanperioden

Ingeborg Hordvik (SL) - Framlegg til verbalpunkt i sak PS 121/2024 om oppstart av skulemat til elevane på Ungdomstrinnet.

Kommunedirektøren, i samråd med skulen, ser på muligheten for oppstart av skulemat til elevane på ungdomstrinnet frå våren 2025, og kjem tilbake med sak med kostnadsoverslag og forslag til gjennomføring til kommunestyret i juni 2025. Finansiering av tiltaket kjem ein tilbake til når kostnadsoverslaget ligg føre.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) - Framlegg til verbalpunkt i sak PS 121/2024 frå Senterpartiet. SP ynskjer at 1. og 2. klasse på Årås skule skal få symjeopplæring. Dette vil koste ca. 150 000,- i året i skyssutgifter og vert dekkja innanfor dei rammene som er gitt i budsjettet.

Per Lerøy (Ap) - Framlegg til verbalpunkt i sak PS 121/2024 Kommunedirektøren set i gang planarbeidet med å innføra skulemat i grunnskulen frå skuleåret 2026/27. Det er Stortinget sin intensjon at det skal vera vanleg brødmat med sundt pålegg og mjølk.

Følgjande tok deretter ordet i saka:

Reidar Øksnes (Sp) - samarbeid med Alver om landbrukskontor. Støttar at ein jobbar for å få ein landbruksfagleg ressurs i administrasjon i Austrheim. Den ekstra ressursen kan truleg også nyttast innan planarbeidet. Det er fleire nye bønder i Austrheim som treng rettleiing. Det er omfattande krav til dei som driv landbruk.

Tore Svensen (SL) - landbrukskontor. Viste til liste av saker som Alver har handsama innan landbruk. Bør heller bruke midlane i eigen kommune.

Ingeborg Hordvik (SL) - glad for Arbeidarpartiet sitt framlegg om skulemat. Vi kan slå saman framlegga, og gå for det Ap har lagt fram.

Kommunedirektøren Bjørnar Fjellhaug, Økonomi og HR- sjef Odd Harald Dommersnes og kommunalsjef Trine Merete Jansen svara ut punkta.

- Turstiar - Det er sett av 300.000 til turstiar.
- Fullmakter til kommunedirektøren er fastsett i økonomi- og finansreglementet.
- Symjeopplæring for 1. og 2. klasse på Årås - Det let seg gjere innanfor dei rammene ein har for skulane, og midlar avsett på fond.
- Tannhelse er ei fylkeskommunal oppgåve.

Samlingstlista trekte følgjande punkt:

Pkt 11 Fullmakter til kommunedirektøren innanfor budsjettet sine rammer.
pkt b) Budsjettreguleringer innanfor sektorene sine rammer. Et øvre beløp settes til max. kr 250 000.

Beløp over dette skal behandles politisk av formannskapet.

Turstier: Settes av kr 400 000 i 2025 for vedlikehold/opprusting av turstiene i kommunen.
Subsidiert settes det av kr 100 000/år i økonomiplanperioden

Vidare tok følgjande ordet i saka: Tore Svendsen (SL), Reidar Ulvøy (Ap), Reidar Øksnes (Sp) i saka om landbrukskontor.

Terje Håland (Ap): kommunedirektøren har tatt signala i samband med innspela som er kome fram i møte. La administrasjon sine fagfolk jobbe med sakene i første halvdel av 2025.

Handsaming i møtet:

Ordførar Morten Sognnes: da røyster me punkt for punkt av det som står att.

- Trygghetsalarm: Gratis for de med inntekt under 2G(ingen egenandel). Amalgamskader: Det settes av kr 25 000 årlig i økonomiplanen. For hver dokumentert behandling dekkes inntil kr 1000 for de med inntekt under 2G. Inndekning: Godtgjørelsen til ordfører fryses på dagens godtgjørelse. Varaordfører frikjøpes for 12% av ordførerens godtgjørelse. Møtegodtgjørelsene fryses på dagens satser.
2 (Ingeborg Hordvik (SL) og Tore Svendsen (SL)) røysta for framlegget og 15 røysta mot framlegget.
- Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) oppmoda Samlingslista om å trekke framlegget som gjeld punktet om landbrukskontor med ei 40% stilling. Tore Svendsen (SL)
Tore Svendsen (SL) svara at Samlingslista trekker det framlegget.
- Verbalpunkt blir lagt ved og administrasjon kjem attende til kommunestyret med saker som omhandlar desse punkta:
- Utdanningsforbundet har ein del forslag som kommuneleiinga bør vurderer. Me trur at desse vil vera med på å skapa ein betre skule og eit betre skule- og barnehagemiljø og ber derfor kommunedirektøren vurderer å gjennomføra desse i økonomiplanperioden.
- Utdanningsforbundet peikar på at det manglar einebustadar i Fonnes/Kaland-området. Austrheim kommune har eit stort tomteområde i Kalandfeltet som nesten er byggjeklart. Deler av dette bør kommunen selja svært rimeleg til folk som ønskjer å etablere seg i området og dermed stimulera til at det vert bygd fleire einebustadar i denne delen av kommunen.
- FAU Årås har også gode forslag som det bør vera rom for å gjennomføra i økonomiplanperioden. Igjen er det tiltak som vil betra skulemiljøet, noko som vil vera heilt i tråd med det arbeidet som kommunestyret har prioritert innan oppvekstsektoren dei siste periodane
- Det har kome inn eit konkret forslag om oppgradering av ein kommunal veg. Me føler oss ikkje i stand til å peika på kva kommunale vegar som bør prioriterast først, men ber om at kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret når første tertialrapport for 2025 vert lagt fram, med ein tilstandsrapport for dei kommunale vegane og

fortaua og eit forslag til ein vedlikehaldsplan for desse i økonomiplanperioden. Planen må basera seg på at dekkelegging skal gjerast i sommarhalvåret.

- Me støttar kommunedirektøren sine justeringar av dei kommunale gebyra. Tannhelse er ei fylkeskommunal oppgåve og me meiner at kommunen ikkje skal ta på seg slike ikkje lovpålagte oppgåver no. Det vert også feil å endra kompensasjonsordningane midt i ein kommunestyreperiode for å finansiera eit slikt tiltak.
- Idrettsparken må rehabiliterast dei næraste åra. Mellom anna så må banedekket på fotballbana skiftast innan fem år. Me ber derfor om at det vert sett av ein million kroner på eit øyremerka fond kvart år i økonomiplanperioden, slik at kommunen har midlar til å rehabilitera idrettsparken når tida er moden.
- Det er eit sterkt ønskje om ein universell turveg i området ved idrettsparken. Denne må også ha veglys. Anleggslinja ved Austrheim vidaregåande skule kan byggja store deler av denne dersom kommunen stiller med det som skal til av materiell. Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med leiinga ved AVS med tanke på å få realisert dette prosjektet dei neste åra.
- Me støttar RMRF sitt forslag om å gje «løn» til brukarane av arbeidssenteret slik det vart praktisert for nokre år sidan, og ønskjer i tillegg å spandera på brukarane ein årleg «Blåtur» slik dei tilsette på Aufera får.
- Me støttar også RMRF sitt forslag om betre vedlikehald av gangvegen mellom idrettsparken og Vikane.
- Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med Skyss, Pensjonistforbundet og Ungdomsrådet med tanke på å få til skyssordningar for eldre og unge på linje med det som vert prøvd ut i Masfjorden. For dei eldre vil det vera snakk om ei bestillingsløysing som skal gje skyss til legekontor, fysioterapeut, lokale butikkar og seniorsenteret. For dei unge vil det vera faste ruter til og frå ungdomsklubben og andre liknande fritidstilbod i kommunen. Ei ferdig utgreidd sak med eit overslag over dei kommunale kostnadane med tilboda, skal leggjast fram for kommunestyret når andre tertialrapport for 2025 skal behandlast i kommunestyret.
- Kommunedirektøren set i gang planarbeidet med å innføra skulemat i grunnskulen frå skuleåret 2026/27. Det er Stortinget sin intensjon at det skal vera vanleg brødmat med sundt pålegg og mjølk.
- Sp ynskjer at 1. og 2. klasse på Årås skule skal få symjeopplæring. Dette vil koste ca. 150 000,- i året i skyssutgifter og vert dekkja innafor dei rammene som er gitt i budsjettet.

Punkta i framlegg frå Ap, H og INP, og verbalpunkt frå Sp vart samrøystes vedteke.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte deretter kommunedirektøren framlegg til vedtak. Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 121/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028-vedtak:

Vedtak i kommunestyremøte: Kommunedirektøren sitt framlegg og verbalpunkt lagt fram i møte 12.12.2024:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 og handling og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2025 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2025 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2025 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
5. Det vert teke opp kr. 10 024 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.
6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2025-2028.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2025-2028.
8. Vedtak om at alle midlar ved sal av eigedom skal avsetjast til eige fond for nytt Helse -og Omsorgstun vert omgjort og midlar vert satt av til framtidige investeringar
9. Økonomiplan for 2025-2028 og årsbudsjett for 2025 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2025 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
10. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.
 - b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
11. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
 - e) Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.
 - f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
 - g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2024 til 2025.
12. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

13. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2025, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

14. Det vert gjeve ei ramme på kr 1 075 075,- til kontrollutvalet.

15. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. Austrheim Frivilligsentral kr 443 903,- (ekskl. statstilskot)

c. Austrheim ungdomsklubb kr 250 339,-

d. TV-aksjonen kr 30 000,-

16. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 200 000,- kroner, til kroner 500 000,- i 2025, for resterande økonomiplanperiode er investeringstilskottet kr. 300 000,- pr. år

17. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

18. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2025. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2025 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

19. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

20. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18. 21. «Gebyr- og betalingssatsar 2025» vert vedtekne slik dei ligg føre.

- Verbalpunkt blir lagt ved og administrasjon kjem attende til kommunestyret med saker som omhandlar desse punkta:
- Utdanningsforbundet har ein del forslag som kommuneleiinga bør vurderer. Me trur at desse vil vera med på å skapa ein betre skule og eit betre skule- og barnehagemiljø og ber derfor kommunedirektøren vurderer å gjennomføra desse i økonomiplanperioden.
- Utdanningsforbundet peikar på at det manglar einebustadar i Fonnes/Kaland-området. Austrheim kommune har eit stort tomteområde i Kalandfeltet som nesten er byggjeklart. Deler av dette bør kommunen selja svært rimeleg til folk som ønskjer

å etablera seg i området og dermed stimulera til at det vert bygd fleire einebustadar i denne delen av kommunen.

- FAU Årås har også gode forslag som det bør vera rom for å gjennomføra i økonomiplanperioden. Igjen er det tiltak som vil betra skulemiljøet, noko som vil vera heilt i tråd med det arbeidet som kommunestyret har prioritert innan oppvekstsektoren dei siste periodane
- Det har kome inn eit konkret forslag om oppgradering av ein kommunal veg. Me føler oss ikkje i stand til å peika på kva kommunale vegar som bør prioriterast først, men ber om at kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret når første tertialrapport for 2025 vert lagt fram, med ein tilstandsrapport for dei kommunale vegane og fortaua og eit forslag til ein vedlikehaldsplan for desse i økonomiplanperioden. Planen må basera seg på at dekkelegging skal gjerast i sommarhalvåret.
- Me støttar kommunedirektøren sine justeringar av dei kommunale gebyra. Tannhelse er ei fylkeskommunal oppgåve og me meiner at kommunen ikkje skal ta på seg slike ikkje lovpålagte oppgåver no. Det vert også feil å endra kompensasjonsordningane midt i ein kommunestyreperiode for å finansiera eit slikt tiltak.
- Idrettsparken må rehabiliterast dei næraste åra. Mellom anna så må banedekket på fotballbana skiftast innan fem år. Me ber derfor om at det vert sett av ein million kroner på eit øyremerka fond kvart år i økonomiplanperioden, slik at kommunen har midlar til å rehabilitera idrettsparken når tida er moden.
- Det er eit sterkt ønskje om ein universell turveg i området ved idrettsparken. Denne må også ha veglys. Anleggslinja ved Austrheim vidaregåande skule kan byggja store deler av denne dersom kommunen stiller med det som skal til av materiell. Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med leiinga ved AVS med tanke på å få realisert dette prosjektet dei neste åra.
- Me støttar RMRF sitt forslag om å gje «løn» til brukarane av arbeidssenteret slik det vart praktisert for nokre år sidan, og ønskjer i tillegg å spandera på brukarane ein årleg «Blåtur» slik dei tilsette på Aufera får.
- Me støttar også RMRF sitt forslag om betre vedlikehald av gangvegen mellom idrettsparken og Vikane.
- Me ber om at kommunedirektøren går i dialog med Skyss, Pensjonistforbundet og Ungdomsrådet med tanke på å få til skyssordningar for eldre og unge på linje med det som vert prøvd ut i Masfjorden. For dei eldre vil det vera snakk om ei bestillingsløysing som skal gje skyss til legekontor, fysioterapeut, lokale butikkar og seniorsenteret. For dei unge vil det vera faste ruter til og frå ungdomsklubben og andre liknande fritidstilbod i kommunen. Ei ferdig utgreidd sak med eit overslag over dei kommunale kostnadane med tilboda, skal leggjast fram for kommunestyret når andre tertialrapport for 2025 skal behandlast i kommunestyret.
- Kommunedirektøren set i gang planarbeidet med å innføra skulemat i grunnskulen frå skuleåret 2026/27. Det er Stortinget sin intensjon at det skal vera vanleg brødmat med sundt pålegg og mjølk.
- Sp ynskjer at 1. og 2. klasse på Årås skule skal få symjeopplæring. Dette vil koste ca. 150 000,- i året i skyssutgifter og vert dekkja innafor dei rammene som er gitt i budsjettet.

PS 122/2024 Tertialrapport 3 - desember 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar det forenkla prognoseregnskapet for 2024 og tertialrapporten for 3 tertial til vitende.
2. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringer på investering.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 122/2024 Tertialrapport 3 - desember 2024:

Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Kommunedirektøren ber om at det vert gjennomført desse budsjettjusteringane på investering.

Kontogruppe	Hovudprosjekt	Konto	Ansvar	Funksjon	Prosjekt	Programkode	Investeringsstatus	2024	Kommentar
Investeringer i varige driftsmidler	K90028	32300	0999	3450	K90028	Sjølvcost	Løpande	-1600000	Flytta til K90092 og K90091 Båt og lysanlegg fotballbane
Investeringer i varige driftsmidler	K90076	32300	0999	3320	K90076	Andre investeringar	Tidlegare vedteke	-200000	Flytta til K90093-Maskiner arbeidssenter
Investeringer i varige driftsmidler	K90079	32500	0999	2221	K90079	Andre investeringar	Ny investering	-1500000	Flytta til K90090-Nytt symjebasseng
Investeringer i varige driftsmidler	K90090	32700	0999	3810	K90090	Andre investeringar	Ny investering	1500000	Forprosjekt nytt basseng
Investeringer i varige driftsmidler	K90091	32100	0999	2020	K90091	Andre investeringar	Ny investering	500000	Båt til oppvekstsektor
Investeringer i varige driftsmidler	K90092	32300	0999	3810	K90092	Andre investeringar	Ny investering	1100000	Nytt lysanlegg fotballbane
Investeringer i varige driftsmidler	K90093	32000	0999	2340	K90093	Andre investeringar	Ny investering	200000	Nye arbeidsmaskiner arbeidssenter
Investeringer i varige driftsmidler	K90094	32090	0999	2580	K90094	Andre investeringar	Ny investering	187000	Medisinskteknisk utstyr finansiert av bilsal
Kompensasjon for merverdiavgift	K98801	37290	0999	8410	K98801	Andre investeringar	Løpande	-357400	
Salg av varige driftsmidler	K97601	36600	0999	2580	K97601	Andre investeringar	Løpande	-187000	Sal av brukte bilar (heimetenesta)
Bruk av lån	K99998	39100	0999	8700	K98800	Andre investeringar	Løpande	357400	

Per Lerøy (Ap) tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak: Budsjettendringar blir gjort med følgjande 4 punkt, og tabell tilhøyrande punkt 2.

1. Kommunestyret tar det forenkla prognoseregnskapet for 2024 og tertialrapporten for 3 tertial til vitende.
2. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringer på investering, jf. tabell i sakutgreiinga.
3. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar inntektsbudsjettet med tilsvarende beløp med å auke skatteanslaget.
4. Kommunestyret godkjenner at det vart tatt opp eit lån på 10 millionar i Husbanken i samband med startlån til fyrstegangsetablerere.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 122/2024 Tertialrapport 3 - desember 2024:

Kommunestyre vedtak.

1. Kommunestyret tar det forenkla prognoseregnskapet for 2024 og tertialrapporten for 3 tertial til vitende.
2. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringer på investering, jf. tabell i saksutrgeiinga.
3. Kommunestyre godkjenner forslaget til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar inntektsbudsjettet med tilsvarande beløp med å auke skatteanslaget.
4. Kommunestyret godkjenner at det vært tatt opp eit lån på 10 millioner i Husbanken i samband med startlån til fyrstegangsetablerere.

PS 123/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune med handlingsdel datert den 28. august 2024 vert godkjent. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 123/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Plansjef Asbjørn Nagel Toft la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 123/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune med handlingsdel datert den 28. august 2024 vert godkjent. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

